



Museumssenteret i Hordaland v. Atle Ove
Martinussen

Dato: 26.06.2015
Vår ref.: 2015/3575-3
Saksbehandlar: tonhaug
Dykkar ref.:

Tildeling av midler til workshop i samband med utstillinga Meeting point Wood 2015

Vi viser til søknad, dagsett 11. mai 2015, om 12 000 kr. til workshop i samband med den norske versjonen av treutstillinga - Meeting Point Wood.

Utstillingsprosjektet vart initiert som ledd i samarbeidsavtalen mellom Hordaland fylkeskommune og Conseil regional de Basse-Normandie. Denne utstillinga er no produsert som ei vandreutstilling i Noreg i regi av Museumssenteret i Hordaland med mellom anna Bymuseet i Bergen som samarbeidspart. Utstillinga er tilgjengeleg for mange i uteområde på Hordamuseet. Musea arrangerte også workshop i samband med utstillinga 26.-29. mai. Her deltok handverkarar frå Noreg og Frankrike. Ein søker om midlar som i hovudsak skal dekke utgifter til instruktør.

Museumssenteret i Hordaland har tidlegare fått midlar til Meeting point wood-prosjektet. I brev frå Hordaland fylkeskommune, dagsett 17. januar 2014, vart det løyvd 200 000 kroner til vandreutstillinga, frå budsjettpost 40072026, internasjonalt kultursamarbeid.

Søknaden av 11. mai 2015 omfattar workshopen. *Hordaland fylkeskommune løyver 12 000 kr til Museumssenteret i Hordaland frå budsjettpost 40072026, internasjonalt kultursamarbeid.*

Grunngjeving

I samband med utarbeiding og gjennomføring av utstillinga Meeting Point Wood i Noreg, vart det arrangert ein workshop om handverkstradisjonar. Workshop som verkemiddel har også tidlegare vore nytta som eit verkemiddel for å utdjupe tematikken i utstillinga. Her får handverkarar frå fleire land utveksle erfaring frå ulike handverkstradisjonar. I regional plan for kultur 2015-2025 er immateriell kulturarv eit satsingsområde. Hordaland fylkeskommune ser workshop og kunnskapsutveksling som ein viktig del for å ta vare på den immaterielle kulturarven. Tiltaket er ein del av kulturutvekslinga i samarbeidet mellom Hordaland og regionen Basse-Normandie og vidareføring av tre som eit fokusområde.

Utbetaling

Krav om elektronisk faktura i EHF-format frå 1. januar 2015.

Tilskotsmottakar vert i denne samanheng definert som Leverandør då dette er ei utbetaling.

For utbetaling av tilskot, må de sende ein elektronisk faktura (EHF) til Hordaland fylkeskommune. Vi viser til krav som går fram av den reviderte forskrifta om IT-standard i offentleg forvaltning som regjeringa har vedtatt. Leverandørar til kommunar og fylkeskommunar vert pålagde å sende elektroniske faktura og kreditnota på standardformatet EHF frå 1. januar 2015. Dette kan gjerast på to måtar: For tilskotsmottakarar med eige fakturasystem, opprett ein EHF-faktura i og merk fakturaen med *saksnummer* og *ressursnummer*.

For tilskotsmottakarar utan eige fakturasystem, men med organisasjonsnummer, opprett ein brukar og send

EHF-faktura via fakturaportalen Basware Supplier Portal (gratis).

Ved bruk av portal skal *saksnummeret* brukast som fakturanummer, og *ressursnummer* skal fyllast ut i feltet kjøpars referanse.

Link til fakturaportal <https://bsp.basware.com/SupplierPortal/login.aspx>

Link til brukarretteiing <http://www.hordaland.no/PageFiles/54618/Brukarretteiing%20til%20fakturaportal.pdf>

Saksnummer: 2015/3575-3

Ressursnummer: 400006

Beløp: kr 12.000,-

Beløpet vil bli utbetalt når Hordaland fylkeskommune har mottatt og behandla EHF-faktura med korrekt merking med saksnummer og ressursnummer.

De har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Føresetnader for tilsegnet

Tildelinga byggjer på følgjande føresetnader:

- Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med føremål, innhald og framdrift samt kostnadsplan slik det går fram av søknaden.
- Tilsegnsmottakar gjennomfører rapportering, leverer rekneskap og medverkar til kontroll som nemnd under.
- Det er ein føresetnad at tilsegnsmottakar aksepterer og nyttar ordninga med følgjekort for funksjonshemma. Funksjonshemma som kjøper billett skal ha rett til gratis billett til sitt følgje.
- Gjennom aktivitetar, informasjonsmateriale m.m. skal det synleggjerast at Hordaland fylkeskommune er tilskotsgjevar. For bruk av fylkesvåpenet, gå inn på nettsida <http://www.hordaland.no/logo>

Rapportering

Rapport og rekneskap, signert av prosjektansvarleg, sendast til Hordaland fylkeskommune, Kultur og idrettsavdelinga ved prosjektslutt. Rapporten skal minst innehalde desse punkta:

- Utgreiing om gjennomførte tiltak og i kva grad målsettinga vart nådd.
- Peike på eventuelle avvik og grunngje desse.
- Informere om eventuell vidareføring

Tilsegnsmottakar skal sjølv varsle fylkeskommunen om vesentlege endringar. Det er ein føresetnad at slike endringar vert godkjend av fylkeskommunen.

Kontroll

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har til ei kvar tid rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Tilskottsmottakar pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkrevd for sin kontroll.

Brot på vilkåra

Dersom det ligg føre brot på vilkåra for tildelinga eller reglar om rapportering/rekneskap og kontroll kan vedtaket om tildeling bli gjort om, med krav om heil eller delvis tilbakebetaling av tildelte midlar.

Klage/partsinnsyn

Part eller andre med rettsleg partsinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Klagemynde er Klagenemnda for Hordaland fylkeskommune. Klaga skal sendast til Kultur- og idrettsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen.

Ei evt. klage må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast. Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Ronny Skaar
Fung. fylkesdirektør kultur og idrett

Tone Stedal Haugland
Seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.